

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

PROTOKOLL

Styre, råd, utvalg:	Møtested:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Grødem	tysdag	
kirkelige fellesråd		24.09.-24 Kl. 17.00	Møte nr. 04/2024
		OBS! Merk tida	

Til medlemmene i nye Randaberg kirkelige fellesråd:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Jakob Nærheim
Repr. Gr. Menighetsråd	: Ann-Christin H Hjelleset
Repr. Rb. Menighetsråd	: Herbjørn Vestvik
Repr. Rb. Menighetsråd	: Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen	: Jarle Bø
Repr. valgt av biskop	: Tomas M. Røsbak
1. vararepr. Rb. MR	: Erling Tokheim
2. vararepr. Rb. MR	: Brigt Bø
1. vararepr. Gr. MR	: Trond Goa
2. vararepr. Gr. MR	: Anne-Grethe T Vistnes
Vararepr. valgt av kommunen	: Rune Øygard
Vararepr. valgt av biskop	: Sokneprest i Grødem kyrkje

SAKLISTE:

FR sak 25/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
FR sak 26/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 19.06.2024	2
FR sak 27/2024 Justert budsjett for 2024	2
FR sak 28/2024 Økonomiplan 2024 – 2027	2
FR sak 29/2024 Budsjettforslag for 2025	2
FR sak 30/2024 Justering av satsane på utleige av kyrkjene mm.....	2
FR sak 31/2024 Tilsetting av trusopplæringsprest/menighetspedagog	3
SAKA ER UNTATT OFF	3
FR sak 32/2024 Orienteringar.....	3
FR sak 33/2024 Eventuelt.....	3

Jakob Nærheim
Fellesrådsleder

Solveig Mjølunes Hatletvedt
Kirkeverge

FR sak 25/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

Vedtak: Godkjent med kommentar. Innkalling og sakliste nådde ikkje fram til to representantar. Representantane tar kontakt med kyrkjevevja og så finn ein løysing på det.

FR sak 26/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 19.06.2024**Forslag til vedtak:**

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 19.06.2024 blir godkjent

Vedtak: Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 19.06.2024 blei godkjent

FR sak 27/2024 Justert budsjett for 2024**Forslag til vedtak:**

Det justerte budsjettet blir godkjent

Vedtak: Justert budsjett blir tatt til etterretning med denne kommentaren- Godtgjersle for folkevalde må inn i budsjettet.

FR sak 28/2024 Økonomiplan 2024 – 2027**Forslag til vedtak:**

Økonomiplanen for 2024-2027 blir godkjent

Vedtak: Utkast til planen blei diskutert. Planen skal gjelde frå 2025 – 2028. Ny plan blir lagt fram på neste møte.

FR sak 29/2024 Budsjettforslag for 2025

Forslag til vedtak: Budsjettforslaget blir tatt til orientering.

I samband med denne saka fekk fellesrådet eit innspel frå Randaberg menighet. Randaberg menighet følte seg overkøyr - ikkje blei høyr. Spesielt ang nedskjeringar på ungdomsarbeid og delte stillingar. Skepsis mot å slå saman menighetene.

Vedtak: Budsjettforslaget blei tatt til orientering.

FR sak 30/2024 Justering av satsane på utleige av kyrkjene mm**Forslag til vedtak:**

Utleigesatsane for kyrkjene og kyrkjestova blir auka frå 01.10.2024

Vedtak: Utleigesatsane for kyrkjene og kyrkjestova blir auka frå 01.10.2024

FR sak 31/2024 Tilsetting av trusopplæringsprest/menighetspedagog

SAKA ER UNTATT OFF

FR sak 32/2024 Orienteringar

Forslag til vedtak: Sakene blir tatt til orientering

- a. Personalsituasjonen: Me har 80% i sjukemelding fram til nyttår. Me vil ta inn noko vikar i denne sjukemeldinga for å oppretthalde aktivitetane våre så langt det lar seg gjera. Me må også utnytte dei frivillige i menighetane så godt me kan. Menighetene har framleis litt få tilsette innan barne- og ungdomsarbeidet. Me kan ha ei drøfting i møte om kva me gjer vidare .
- B . Menighetene har denne sommaren hatt 4 ungdommer i sommerjobb. Det er eit prosjekt frå Kyrkjerådet der målet er rekruttering av tilsette i kyrkja. Me fekk tildelt 20.000 kr for prosjektet og for det blei 4 ungdommar tilsett. Dei gjorde ein veldig god jobb for oss. Me brukte 2000 kr av egne midlar for å dekkja løna deira.
- C. Neste Fellesrådsmøte **30.10.-24, kl 17-19** i menighetskontora i sentrum. Fellesrådet vil invitera Randaberg og Grødem sokn til møte i etterkant av fellesrådsmøte. Der skal skal det vera samtalar rundt sakene om innsparing, personell og lokale.

FR sak 33/2024 Eventuelt

Saka gjeld:

Saker til eventuelt foreslås ved starten av møtet.